


Miljøstatus Daleelva i Høyanger

Sist oppdatert mars 2010



Dalsdalen mot Høyanger

Foto: T. Mannsåker



Lakseførende strekning: 5,5 km av tot 19,1

Nedbørsfelt i km² før regulering: 172

Midlere vassføring: ca 5 m³/s

Magasin: Vassdalsvatn, Øvre- og nedre Breidalsvatn, Roesvatn, Høgsvatn, Nordalsvatn, Øvre- og Nedre Gruvlebotvatn, Kaldosvatn, Stølsvatn, Hardbakkevatn.


Kraftverk: Høyanger K2, -K3, -K4 og -K5

Vassdraget er påverka av utbygging frå 1918


Produksjon: 840 GWh, tilsvarer straumforbruket til ca 42 000 husstandar

Klassifisering i vassdirektivet: Ikkje bestemt

Tettleik av ungfisk eldre enn årsungar




Fangst av laks og aure




Terskler og forbygningar

Foto: Statkraft

Gytefiskteljing



Døgnmiddeltemperatur 2005 nedstrøms Høyanger 2 og i Høyanger sentrum





Terskel ved handikapprettelagt fiskeplass


Foto: Torbjørn Mannsåker

Data er samla inn frå NVE, Statistisk sentralbyrå, Fylkesmannen og Statkraft.

Vurderingane vist som "trafikkkljos" er utført av Statkraft Energi AS. Tydinga av dei ulike trafikkljos er som følgjer:

 God og stabil status

 Middels god og/eller variabel status

 Dårlig og ustabil status

Viktige forhold i vassdraget:

Høyangervassdraget er sterkt regulert men framleis utsatt for store flaumar og då endra av stor massetransport. Pålagd minstevassføring er om vinteren 0,7m³/s og om sommeren 5 m³/s (fra 1. juni-15. september, målt gjennom kraftverket K2). Statkraft har innført ein sjølvpålagt restriksjon som skal hindre stranding av fisk ved at kraftstasjonen vert køyrt gradvis ned ved effektreguleringar.

Etter avtale skal det settes ut 10 000 1-somrig laks kvart år. Det er dei fleste åra sett ut ca. 20.000. Fisken vert produsert av Høyanger Jakt- og Fiskelag på lokalt klekkeri. Frå 2003 er det utført årlege fiskebiologiske undersøkingar i elva med m.o.a. ungfiskundersøkingar, gytefiskteljingar og botndyrundersøkingar. Effekter av forsurening kan truleg forklare mykje av rekrutteringssvikten hos laks i Daleelva. Tidlegare vatnanalyser og undersøkingar av gjellelev hos laksunger våren 2008 viser kraftig forsuringpåverking på ungfisk. Sidan 2005 har det vorte gjort omfattande forbygningsarbeid i Daleelva. Anleggsarbeidet og den nye utforminga av elvesenga er faktorar som nok og har påverka forholda for fisk i vassdraget. Våren 2010 vil bygging av Eiriksdal kraftverk starte opp.


Arbeidet er planlagt å ta ca to og eit halvt år. Eiriksdal kraftverk vil få utløp i Daleelva rett nedstraums dagens utløp frå kraftverk K2. Kraftverket vil erstatte K2 men vil føre meir vatn tilake til elva. Ein vil få eit endra vassføringsregime med større maks driftsvassføring og endra vilkår mhp nedkøying av kraftverket, minimum sommervassføring (6 m³/s) og vintervassføring (1,5 m³/s).

Habitatforbedrande tiltak:

- I Daleelva er botnsubstratet i hovudsak sett saman av større steinblokker og rullestein. Dette gjer gyting vanskeleg og Høyanger jakt og fiskarlag har lagt ut gytegrus på fleire stader for å betre tilhøva.

- Det er bygd 27 syvdetersklar på lakseførande strekning, dette reduserer arealet som vert turrlagt i periodar med lite vatn i vassdraget, og gjer risikoen for stranding av ungfisk mindre. Syvdetersklar fungerer og som sandfang.

- Det er gjort biotopjusteringar i 6 sidebekker ved utlegging av gytegrus og etablering av kalkbrønner. Vintervassføringa i sidelaupa er sikra ved å føre noko vatn tilbake frå hovudlaup.



Kart Daleelva i Høyanger inntegnet med Høyanger K2 osv

Kartgrunnlag: © Statens Kartverk/Tillatelsesn. 2001/553

Statkraft si vurdering:

Høyangervassdraget er sterkt regulert. Som følge av reguleringa er vassføringa i Daleelva sterkt redusert. Daleelvas bestand av laks og aure er av DN klassifisert som sårbare bestandar. Laksebestanden blir oppretthaldt med tiltak (kategori 3a) mens aurebestanden er redusert på grunn av redusert ungfiskproduksjon (kategori 4a). Statkraft håper at tiltaka med justeringar av eksisterande tersklar og biotopjusteringar og kalking i 6 sidebekker skal hjelpe til med å auke den naturlege rekrutteringa i vassdraget. Det er og eit håp at eit framtidig Eiriksdal kraftverk vil føre til betre forhold for fisk i vassdraget.

Relevant litteratur:

1. Vannkvalitet og anadrom fisk i Høyanger- og Ortnevikvassdraget i S og Fj. Rapport nr 3891, NIVA
2. Undersøkingar av reguleerte vassdrag med anadrome fiskebestander i høyanger kommune, Sogn og Fjordane, NIVA
3. Ungfiskundersøkingar i Dale-, Hovlands- og Ytredalselva, Høyanger kommune. Rapport nr 394, Rådgivende Biologer
4. Gytefiskteljing på vestlandet i perioden 1996 til 2003. Rapport nr 763. Rådgivende Biologer.
5. Fiskeundersøkingar i 13 laks- og sjøaurevassdrag i S og Fj hausten 2000. Rapport nr 491, Rådgivende Biologer.
6. Fiskebiologiske undersøkingar i Daleelva i Høyanger 2003-2004, oppdragsmelding 836, NINA
7. Fiskebiologiske undersøkingar i Daleelva i Høyanger 2003-2005. Rapport nr 75, NINA
8. Bestandsstatus for sjøvandrendelaksefisk i Daleelva i Høyanger, Resultater fra ferskvannsbilologiske undersøkingar i 2008 og 2009. Rapport nr. 512 NINA

"Miljøstatus for reguleerte vassdrag" utarbeidast for å gje forvaltninga, kommunane, grunneigar og publikum ei oppdatert status for miljøforhold i vassdraga, med spesiell vekt på fisk.

Utforming av arket "Miljøstatus" er gjort i samarbeid med:



For meir informasjon, sjå
www.statkraft.no



REN ENERGI